



Kristian Øvstebø viser svært god form og ser nok fram til Folgefonna Opp.

Kristian Øvstebø fekk ein flott 3.plass(M 14-15) då han deltok i Norges Cup-løpet Hovlandsnuten Opp i Sauda laurdag. Heile den norske motbakkeeliten var på plass, men dei mest kjende namna for folk flest var nok eliteløparane i langrenn Astrid Uhrenholt Jacobsen og Gaute Kvåle. Aller raskast var Stian Øvergaard Årvik.

Løypa i Hovlandsnuten Opp er ca. 6,8 km lang og den endar 931 moh. Kristian Øvstebø gjorde unna kraftprøven på sterke 54.44, og den tida var det berre to i klassen hans som klarte straffa. Tida heldt til ein 33. plass totalt, svært imponerende av ungguten. Det var første gang Kristian deltok i dette løpet så han kjende såleis ikkje løypa på førehand. Ein annan kvinnhering deltok i same klasse. Langrennstalentet Marcus Enes-Seberg gjorde og eit sterkt løp og kom i mål knappe 5 min. bak Kristian.

Kristian Øvstebø satsar på å delta i fleire Norges Cup-løp denne sesongen. I tillegg har han etter det vi kjenner til, sysla med planar om å delta i løp i Sverige. Likevel spørst det om ikkje hødepunktet skjer lokalt den 10. august. Då vert Folgefonna Opp arrangert. Det har i år fått status som Norges Cup-løp, og det er det 4. løpet i cupen. Der er Uskedal idrettslag medarrangør i samarbeid med Mauranger Bygdalag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Jan Øvstebø